



Bjørn Steffen Thorsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2662 - 16/13645

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

30.06.2016

Revurdering av vilkår - dispensasjon på vilkår for riving og gjenoppføring av våningshus på GBNR 23/3

Det vert vist til skriv frå deg journalført motteke 14.6.2016 om å revurdere vilkår satt i UDU- vedtak 29/2016 om dispensasjon på vilkår for riving og gjenoppføring av våningshus på gbnr 23/3 i Meland kommune. Dispensasjonsvedtaket vart gjort i UDU møte 19.4.2016. Frist for å komme med klage er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er ikkje komen klage innan klagefristen, og hendvendingen blir ikkje handsama som klage.

Det du skriv er at de har ønske om å kunne søkje om byggetillatelse på eksisterande husgrunn, og ikkje 5 meter frå denne.

Vilkåret for oppføring av ny bustad på gbnr 23/3 er at bygget vert plassert slik at det ikkje kjem i konflikt med asketre med rotsystem som står på eigdommen. Endeleg plassering og storleik skal godkjennast i søknad om sjølve byggjetiltaket etter Kap 20 i pbl.

Kultur uttalte i sin vurdering:

«På grunnlag av vurderinga vert alternativ 3 tilrådd: huset rivast og nytt bygg oppførast mot aust-nordaust – kjellarmuren vert å ta vare på.

☐ Ein vil her tilrå å nytte kjellarmuren som ein kvalitet i tiltaket.

☐ Eit nytt bygg bør tilpassast på best mogleg måte den eldre kulturvegen mot naustet nedanfor, som må takast vare på.

☐ Bygget må tilpasse seg lokal byggeskikk og minimere terrengendringar.

☐ Dersom det eksisterande bygget vert teken ned, må det på førehand gjerast tilgjengeleg for kulturhistorisk dokumentasjon.

Kultur tilrår at det ved oppføring av tiltak nytter kjellarmuren som ein kvalitet i tiltaket».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vilkåret administrasjonen har satt er at ansvarleg søker/prosjekterande i samband med søknad om oppføring av tiltak plasserer bygget slik at det ikkje skadar tre og rotsystem. Kan det i søknaden dokumenterast at oppføringen av tiltaket med grunnarbeid m.v *ikkje* skadar treet ved plassering nærare (eks. oppå eksisterande grunnmur) vil kommunen godkjenne det.

Administrasjonen antar at dersom eksisterande kjellarmur vert nytta i nytt byggeprosjekt vil det truleg ikkje kome i konflikt med rotsystemet til asketreet som står på eigedommen. Røttene låg der sikkert ikkje når kjellarmuren blei bygd. Men dette må vera ein vurdering ansvarleg søker tar i samband med prosjekteringa og vilkåret som er satt i dispensasjonsvedtaket til tiltaket han står ansvarleg søker for. Vurderer han at han må inn med ein anna fagperson for å være sikker på plasseringa i forhold til ansvaret han har som søker, og egen kompetanse i forhold til vilkåret som er satt i dispensasjonssøknaden må han gjere det.

Dykkar ønske om å søke byggetillatelse på eksisterande grunnmur åpnar vedtaket for. -Så lenge ikkje tre og rotsystemet vert skadelidande.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bjørn Steffen Thorsen